

Fra: "Jakob Fjellanger"
Sendt: mandag 10. august 2026 12:52:43
Til: "'NILS PETTER RABBE'" <nprabbe@gmail.com>
Kopi: "'Røldal Grunneigarlag'" <roldalgrunneigarlag@gmail.com>; "Børresen, Trond Erik" <tronderik.borresen@lyse.no>; "Mari Hegg Gundersen" <mhg@nve.no>
Emne: 201913014-185 - Anmodning om avklaring om tilkomst til Valldalen på grunn av nye forhold

Hei

Vilkårsrevisjonen for reguleringa av Røldal-Suldalsvassdraget handsamast saman med konsesjonssøknaden om nye kraftverk i same regulering. Oppdatert søknad for dei nye kraftverka er på høyring til 20.09.2026.

- Ferdsel forbi Valldalsmagasinet er eit spørsmål som er fremma i vilkårsrevisjonen og konsesjonssaka. Det er for tidleg å seie noko om korleis dette blir vurdert i desse sakene, og kor lang tid handsaminga av sakene vil ta. Det er NVE som fattar vedtak i sakene, men vedtaket kan eventuelt klagast på til Energidepartementet.
- NVE kan ikkje sjå at HMS-dokument er mottatt frå RSK DA (Lyse / Hydro) i samband med vilkårsrevisjonen eller konsesjonssøknaden. NVE har eit ansvar for at saka er tilstrekkeleg opplyst til å fatte ein avgjersle, og vil eventuelt be om naudsynt dokumentasjon som ikkje allereie er motteke.
- Det er NVEs Miljøtilsyn som handsamar krav om tilsyn i samband med gjeldande konsesjonsvilkår, og denne eposten blir difor oversendt dit.

Mvh

Jakob Fjellanger

Sjefingeniør

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Seksjon for vannkraftkonsesjoner

Telefon direkte: 22959213

Telefon seksjon: 22959590 (opningstider: 09.00-10.30 og 11.30-14.00)

Epost: vannkraftkonsesjoner@nve.no

Fra: Nils Petter Rabbe <nprabbe@gmail.com>
Sendt: Lørdag 8. august 2026 03:40
Til: Jakob Fjellanger <jfj@nve.no>
Kopi: NVE Postmottak <nve@nve.no>; Røldal Grunneigarlag <roldalgrunneigarlag@gmail.com>
Emne: Vilkårsrevisjon RSK – nye forhold og behov for avklaring om tilkomst til Valldalen

Til NVE, Jakob Fjellanger

Eg viser til vilkårsrevisjonen for Røldal–Suldalsvassdraget, sak 2019/3014, og tidlegare innspel om tilkomsten til Valldalen.

Eg er klar over at den ordinære høyringa av revisjonsdokumentet er avslutta. Denne førespurnaden er derfor ikkje meint som ei ny eller forseinka høyringsfråsegn. Bakgrunnen er at det etter høyringa har kome fram nye og vesentlege opplysningar om tilkomsten, samtidig som Hydro ser ut til å ha endra ein praksis som har vore følgd gjennom om lag 60 år.

Revisjonssaka er framleis ikkje avgjort, men det er vanskeleg å sjå kva som skjer vidare. Eg ber derfor om ei avklaring av status i saka, korleis det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget skal handterast, og korleis NVE følgjer opp gjeldande plikter fram til nye vilkår eventuelt blir fastsette.

Bakgrunn

Reguleringa tok ikkje berre dei areala som vart lagde under vatn i Valldalen. Den skapte også ein omfattande og varig barriere mellom bygda og dei attverande eigedommane og ressursane rundt og innanfor magasinet. Trygg tilkomst heile året igjennom før regulering vart erstatta med tilkomst etter regulering som i dag så usikker at store område i praksis kan vere utilgjengelege større delar av året.

Dette har vore med på å bryte ned stølsdrifta, beitebruken, jakt, fiske, friluftsliv og den tradisjonelle ferdsla mellom garden og fjellet. Det er ikkje berre eit historisk tap. Problema held fram og gjer det svært vanskeleg å byggje opp att næring og aktivitet i områda som ikkje vart neddemde.

For oss er dette derfor ikkje ein teoretisk diskusjon om ulemper ved eit gammalt kraftanlegg. Det handlar om tryggleik, næringsgrunnlag, bruk av eigedom og om moglegheita til å vidareføre ein kultur og ein levemåte som reguleringa langt på veg har stengt oss ute frå.

Tilkomstalternativ

Hendingane i påska 2026 viste at alle alternativa kunne vere stengde eller uforsvarlege samtidig.

Hydro vurderte Valldalsmagasinet som ikkje farbart og ville ikkje kontrollere eller merke ei trygg løype over isen. Selskapet viste mellom anna til vasstandsvariasjonar, iskvalitet og oppdaterte HMS-vurderingar.

Ruta over Heialeitet og Tjødnastølskar kunne heller ikkje etablerast. Snø-, vêr- og terrengforholda gjorde ruta uforsvarleg eller i praksis ubrukeleg. Hydro har sjølv

tidlegare vist til at dei ikkje kan sende eigne tilsette inn i dette terrenget under slike forhold.

Samtidig gjekk det steinras på sommarvegen i samband med påska. Vegen vart stengd på grunn av rasfare og lause steinblokker i fjellsida. Det vart nødvendig med omfattande sikringsarbeid, mellom anna reinsk, bolting og sprutbetong.

Frå påska og fram til vegen vart fysisk sperra i juli, tok mange seg inn i Valldalen på eige ansvar. At folk likevel ferdast på ein veg som formelt er stengd, viser ikkje at tilkomsten fungerer. Det viser at grunneigarar, dyreeigarar og andre brukarar opplever at dei ikkje har noko reelt alternativ.

Ullensvang kommune opplyste sommaren 2026 at vegen var heilt stengd på grunn av rasrisikoen etter steinraset i påska, og at fleire lause blokker måtte reinskast ned før forsvarleg opning. Kommunen opplyste seinare at vegen skulle stengjast fysisk. For dei som har eigedom, dyr, bygningar eller næringsaktivitet innanfor magasinet, innebar dette i praksis fleire månader utan trygg og ordinær tilkomst.

Faren var varsla

Bl.a. Tjøstov Eikemo skreiv allereie i høyringsfråseigna si i 2024 at sommarvegen var livsfarleg fleire stader. Han viste særleg til steinsprang, lausmassar, flaumskred og usikra fjellskjeringar etter sprengingsarbeid. Han forklarte at slike skjeringar endrar seg over tid og kan gi nedfall av store steinblokker.

Han hadde også teke bilete av eit konkret utsett fjellparti over vegen. I 2026 gjekk det ras i dette området, og kommunen måtte setje i verk sikring.

Dette dokumenterer at faren ikkje var ukjend eller hypotetisk. Samtidig er det viktig å understreke at det aktuelle området berre er eitt av mange utsette parti langs vegen.

Problema har også direkte økonomiske konsekvensar. Me har overnattingsgjester som ber om å avbestille eller avslutte opphald dersom det er venta store nedbørsmengder, fordi dei ikkje opplever vegen som trygg. Me har kontraktar som vert oppsagt som følgje av erfaringar knytt til farleg og vanskeleg framkomst. Dette avgrensar moglegheita til å drive utleige, jakt, fiske og annan næring på dei attverande eigedommane.

Er isen framleis eit framtidig ferdselsalternativ?

Ferdsel over isen har gjennom om lag 60 år vore ein sentral del av vintertilkomsten. Kraftselskapet har tidlegare kontrollert isen, sperra av farlege område og merkt eller kvista ei farbar løype.

Ei gradvis nedtrapping av tilrettelegging dei seinare åra, før Vinteren 2025/2026 endra Hydro denne praksisen heilt. Selskapet ville ikkje lenger merke løype over Valldalsmagasinet og viste til oppdaterte HMS-vurderingar. Etter det som kom fram under NVE-synfaringa i fjor haust, og gjennom Hydro sine offentlege svar på kritikken i vinter, kan det sjå ut som at selskapet heller ikkje reknar isen som eit aktuelt alternativ for framtidig tilkomst.

Det er likevel ikkje avklart om dette berre var ei mellombels avgjerd knytt til arbeidet ved Valldalsdammen, eller om den langvarige praksisen er permanent avvikla.

Denne avklaringa er heilt avgjerande for den vidare behandlinga av tilkomstproblemet.

Dersom isen framleis skal vere ein del av vintertilkomsten, må det vurderast tiltak knytte til kontroll, merking, manøvrering, vasstandsvariasjonar, overvatn, varsling og alternative løysingar når isen ikkje er farbar.

Dersom isen ikkje lenger skal reknast som eit aktuelt ferdselsalternativ, har ein sentral del av tilkomsten falle bort utan at det er etablert ei trygg erstatning. Då må trygg heilårstilkomst vurderast på eit heilt anna grunnlag. Det kan mellom anna vere nødvendig med rassikring, tunnelar, rasoverbygg, ny vegtrasé eller ei vesentleg oppgradering av eksisterande veg.

Det kan ikkje vere slik at Hydro viser til isen når det blir kravd betre veg, men viser til HMS og ferdsel på eige ansvar når isen ikkje kan nyttast.

Eg ber derfor om ei eintydig, skriftleg avklaring på om NVE og regulanten reknar isen på Valldalsmagasinet som ein del av den framtidige tilkomsten eller ikkje.

Eg ber også om innsyn i den oppdaterte HMS- eller risikovurderinga Hydro har vist til. Dersom NVE ikkje har fått denne vurderinga, ber eg om å få vite om ho vil bli innhenta, og korleis framtidig tilkomst elles kan vurderast på eit tilstrekkeleg opplyst grunnlag.

NVE var varsla om behovet for vintersynfaring

I e-post 1. februar 2026 bad eg NVE gjennomføre ei grundig synfaring langs Valldalsmagasinet under vinterforhold.

Eg viste til at synfaringa i september 2025 ikkje kunne gi eit dekkande bilete av dei alvorlegaste problema. Dei oppstår nettopp om vinteren, når is, snø, ras, overvatn, raske vasstandsvariasjonar og bratte reguleringssonar verkar saman.

NVE svara 2. februar at de er forplikta til å sørje for at saka er tilstrekkeleg opplyst, og at de ville vurdere behovet for fleire synfaringar og utgreiingar.

Så langt eg kjenner til, er det ikkje gjennomført noka vinterleg synfaring. NVE har derfor ikkje sjølv sett situasjonane som oppstår når isen, vegen og høgfjellsruta er uforsvarlege eller utilgjengelege samtidig.

Hendingane i påska og sommaren 2026 stadfestar at dette er forhold som ikkje kan forståast fullt ut gjennom vurderingar frå eit kontor. Dei må undersøkjast under dei forholda som skaper problema.

Nye forhold etter høyringa av revisjonsdokumentet

Eg er som nemnt klar over at høyringsfristen for revisjonsdokumentet er ute. Samtidig kan ikkje kunnskapsgrunnlaget frysast på datoen då høyringsfristen gjekk ut når saka enno ikkje er avgjort.

Fleire av forholda som er omtala ovanfor, har anten oppstått eller blitt vesentleg tydelegare etter høyringa:

- Hydro har endra praksisen med kontroll og merking av isløype.
- Selskapet har vist til oppdaterte HMS-vurderingar som ikkje er offentleggjorde.
- Alle tilkomstalternativa var ute av funksjon samtidig i påska 2026.
- Steinraset og den langvarige vegstenginga dokumenterte den varsla risikoen ved sommarvegen.
- Det har vore nødvendig med omfattande offentlege sikringstiltak.
- Dei praktiske og økonomiske konsekvensane for grunneigarar og næringsverksemd har blitt endå tydelegare.

Dette er nye og relevante opplysningar i ei revisjonssak som framleis ikkje er avgjort. Eg ber derfor NVE forklare korleis opplysningane skal takast inn i det vidare kunnskapsgrunnlaget.

Eg ber også om ein konkret status for revisjonssaka: Kva arbeid er gjort etter høyringa og synfaringa, kva står att før avgjerd, og kva vidare framdrift legg NVE opp til?

Dersom NVE eller regulanten utarbeider nye forslag til konkrete vilkår og tiltak på grunnlag av opplysningar som har kome fram etter høyringa, ber eg om at dei direkte råka partane får ein reell moglegheit til å uttale seg før avgjerd.

NVE si tilsynsrolle

Uavhengig av vilkårsrevisjonen er NVE tilsynsmyndigheit og skal følgje opp at gjeldande offentlegrettslege konsesjonsvilkår blir etterlevde.

NVE har gjennom fleire år, og særleg gjennom vinteren 2025/2026, fått gjentekne varsel frå fleire hald om farleg ferdsel, manglande tilrettelegging og uklart ansvar. Likevel er det vanskeleg å sjå kva konkret oppfølging som er gjennomført.

Hydro kan ikkje åleine definere kva plikter selskapet har, og deretter sjølv avgjere om pliktene er oppfylte. Når regulanten endrar ein praksis som har vore følgt gjennom om lag 60 år, må NVE vurdere kva dette inneber for gjeldande vilkår og føresetnader.

Eg ber derfor om å få vite om dei gjentekne varsla er behandla eller vil bli behandla som ei tilsynssak. Eg ber også om ei konkret forklaring på kva gjeldande konsesjonsvilkår NVE meiner regulerer:

- vinterferdsla (over magasinet)
- kontroll, merking og sikring
- alternative ferdselsløysingar når is eller veg ikkje kan nyttast

Dersom NVE meiner at desse spørsmåla ikkje er omfatta av gjeldande konsesjonsvilkår, ber eg om at det blir grunngitt og opplyst kva myndigheit NVE meiner har ansvaret.

Dersom vilkåra er så uklare at det ikkje kan fastslåast kva plikter regulanten har, er dette i seg sjølv eit tungt argument for at ansvaret må presiserast gjennom vilkårsrevisjonen. Uklarheit i ein over 60 år gammal konsesjon kan ikkje i praksis føre til at regulanten åleine får definere rekkevidda av sitt eige ansvar.

Oppsummert

Eg ber om at denne førespurnaden blir journalført i revisjonssak 201913014, og at spørsmåla om tilsyn og etterleving blir sende til rett avdeling i NVE.

Eg ber om skriftleg svar på:

1. Om isen på Valldalsmagasinet skal reknast som ein del av den framtidige tilkomsten.
2. Om NVE har fått Hydro si oppdaterte HMS- eller risikovurdering, og om eg kan få innsyn i henne.
3. Korleis dei nye opplysningane frå vinteren og sommaren 2026 blir tekne inn i den vidare behandlinga av vilkårsrevisjonen.
4. Kva status og planlagd framdrift revisjonssaka har.
5. Om varsla om farleg ferdsel og manglande tilrettelegging blir behandla som ei tilsynssak, og kva gjeldande plikter NVE meiner regulanten har.

Eg ber om svar innan 28. august 2026. Dersom NVE ikkje kan gi ei fullstendig avklaring innan denne datoen, ber eg om ei førebels tilbakemelding om korleis spørsmåla vil bli følgde opp og når endeleg svar kan ventast.

Vennleg helsing
Nils Petter Rabbe